



Notat

Dato: 27.03.2018
Arkivsak: 2018/9753-9
Saksbehandlar: elsaaro1

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Melding om opptak av Hordaland i tilskotsordning - program for folkehelsearbeid i kommunane 2018

Fylkesutvalet vedtok 13.06.2017 at Hordaland skulle søkje opptak i tilskotsordninga «Tiltaksutvikling i program for folkehelsearbeid i kommunane» frå 2018. Utvalet gav Fylkesrådmannen fullmakt til å utforme og sende søknaden.

Fylkesrådmannen viser til brev dagsett den 19.03. 2018 der Helsedirektoratet sender innstillinga om nye programfylke for 2018. Det er ei stor glede å melde at Hordaland er eit av fem fylke som er teke opp i ordninga. Prosjektperiode er sett til 6 år, og med årleg løyve på kr 6.mill med etterhald knytt til årlege budsjettløyve frå Stortinget. Totalt kr 36 mill. til utvikling av helsefremjande tiltak for barn og unge i kommunane innanfor arbeid med psykisk helse og rus.

Premissane - lengd på prosjektperioden og at årleg tildelingssum er noko mindre enn det er søkt - gjer at opplegget for inntak av kommunar slik det er skissert i søknaden må justerast. Fylkesrådmannen tek sikte på at tilskotsordninga vert lyst ut til alle kommunane i april 2018.

I grunngjevinga for tildeling av midlar er det frå Helsedirektoratet trekt fram at dei fylka som er teke opp i ordninga har gjort godt grunnlagsarbeid opp i mot kommunane for å utarbeide framtidige tiltak, lagt godt til rette for evaluering frå FoU-miljø og etablert samarbeid med FoU-miljø. I Hordaland er desse Universitetet i Bergen ved Hemilsenteret, Høgskulen på Vestlandet, Folkehelseinstituttet avd. for helsefremjande arbeid Bergen, RKBU Kunnskapssenter for barn og unge og KoRus Vest Bergen.

Vedlegg:

1. Søknad frå Hordaland fylkeskommune
2. Vedlegg til søknad frå Hordaland fylkeskommune
3. Brev med innstilling som programfylke

